



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

## **Møtebok for Meland sokneråd - soknerådssaker**

**Møtedato:** 23.03.2017  
**Møtetid:** kl. 18:30  
**Møtestad:** Møteplassen

### **Til stade:**

Anne Kjersti Tveiten Erikstein, Synnøve Kårstad Ryland, Regine Sagstad Berg, Torbjørn Aamli, Per Audun Heskestad, Andreas Sagstad Berg, Andreas Westermoen, Ingunn Reigstad.

### **Meldt forfall:**

Bent Gunnar Næss, Brigt Roar Skeie.

**Frå administrasjonen møtte:** Anne Sofie Nergård Uthaug

### **Innkalling, sakliste og sist møtebok:**

Innkalling og sakliste vart godkjent. Møtebok frå møte 12.01.17 vart godkjent.

### **Meldingssaker:**

**Sak 000001 Orientering om årsstatistikk 2016. Ved soknepresten**

**Sak 000 Inkluderingskontaktar i Meland.** Soknerådet støtta initiativet om å oppmode alle arbeidsgreiner om å skaffe seg ein inkluderingskontakt, etter initiativ frå kommunen, frivilligsentralen og idrettsrådet. Epost blir sendt ut frå kontoret.

**Sak 000 Dugnad på Nordgardsløa. Det blir dugnad for medlemslaga i Nordgardsløa 28.03 og 05.04.** Info blir lagt ut på nettsida og vekenytt, og informasjon på gudstenester med oppmoding om å bli med.

**Sak 001/17 Strategiarbeid og ny kyrkjelydsprofil**

*Forslag til vedtak:*

### *Møtebehandling:*

Det vart ein samtale og analyse av delar av « oppsummeringsguiden» og «forteljingsguiden» til kyrkjelydsprofilen.

Alle medlemmene i soknerådet valde seg eit punkt frå syklustarterplan til spørsmål 45: «Lederne våre tror tydelig at menigheten skal vokse» som ein skal arbeide med fram til neste soknerådsmøte. Då blir det spurt om kva som er blitt gjort og erfart i mellomtida.

*Vedtak:*

For Meland sokneråd - soknerådssaker